




STRATEGI FOR LANDSKAPSPARKAR

mai 2008



I STRATEGISK PLAN FOR LANDSKAPSPARKAR

1. Definisjon Landskapspark

Landskapsparkar er unike natur- og kulturlandskap, avgrensa av felles kultur og identitetskjenne. Lokalsamfunn og næring vert utvikla i fellesskap slik at områda vert attraktive som bustad og besøksmål.



Landskapsparkar tek vare på tradisjonar. Formidling av lokal kultur og den gode historia bak landskapet og produkta gir besøkande ei god oppleving. Her veks og blømer nytenking og kreativitet saman med landskapet. Opplevingar er ekte og uttrykk for landskapsparkane si sjølvkjensle og identitet.

Landskapsparkar er levande bygder, der bygdefolket i fellesskap søker å utvikle heimstaden sin til ein god og inkluderande plass å bu og eit gjestfritt og imøtekomande besøksmål.

2. Visjon

Landskapsparkane skal gi dei beste levekår for fastbuande, og dei beste opplevingane for besøkande.

Landskapsparkane skal vere viktige område for å ivareta og utvikle norsk bygdeliv og med tida verte vesentlege i Noreg si marknadsføring som natur- og kultureisemål internasjonalt

3. Strategisk hovudmål

Det er eit mål å gjere Landskapsparkar til ei nasjonal satsing. Landskapsparkar vert med dette eit pilotprosjekt som satsar på utvikling av lokale geografiske område til eit reisemål

Kva?	Kvifor?	Snittmål, alle parkar
1. Lokalsamfunn		
Utvikling i folketal	Samfunnsutvikling	2 %
Arbeidsplassar, reiseliv	Sysselsetting	100 %
Nyetableringar, alle næringar	Nyskaping, positivitet	2 % (av innbyggjarar/år)
2. Reiseliv		
Gjestedøger	Volum, reiseliv	100 %
Tilrettelagde stiar og løyper	Tilrettelegging	10 merka stiar/park
Omsetnad, reiseliv	Volum, reiseliv	100 %
Tal parkar	Nasjonalt konsept	50 i 10 fylke innan 2020
3. Landbruk		
RUP-midlar	Utviklingskraft	50 % over fylkessnitt
Produksjonstilskot, landbruk	Gardar, beite og slått	0 % endring
SMIL-midlar	Tiltak i kulturlandskapet	20 % over snitt gardsbruk

basert på Geoturismen sine verdier i ei tidsriktig form og med fokus på lokal næringsutvikling, inkludert matproduksjon og servering.

Som ei nasjonal satsing må det vere eit langsiktig mål å ha godkjende Landskapsparkar i fleire fylker.

4. Strategiar

Norske landskapsparkar skal:

1. utvikle bygder og næringsliv slik at kultur- og naturlandskap vert ivareteke
2. skape lokale miljø for kommersiell tenking og entreprenørskap
3. verte attraktive reisemål
4. vere føregangsområde på skjøtsel av kulturlandskap
5. utvikle aktive og engasjerte lokalsamfunn som er attraktive for næringsutvikling
6. utviklast til merkevare og Noregs mest utbreidde Geoturisme-konsept

Kva er Geoturisme?

Turisme som ivaretek, forsterkar og framhever staden sin lokale eigenart – miljø, kultur, estetikk, kulturarv – og som kjem lokalsamfunnet til gode.

5. Prioriterte temaområde for Landskapsparkar

Lokalsamfunn og innbyggjarar

- Landskapsparkar skal oppnå status i kommunane som ein organisasjon med felles interesse for å utvikle bygda/kommunen til eit attraktivt område for føretak, innbyggjarar og tilflyttarar. Landskapsparken skal difor bli ein naturleg bidragsytar og høringsinstans i kommunen og bygda sitt planarbeid når det gjeld landskapspleie, tilbod til innbyggjarar, reiseliv og andre næringar osb.
- Dei skal betre tilbodet for innbyggjarane innanfor infrastrukturelle, kulturelle og kommersielle aktivitetar - ”**Den levande bygda**”
- styrke lokal arbeidsmarknad gjennom utvikling og nyetablering - ”**Den nære arbeidsplassen**” (Mål: tal og type arbeidsplassar, kompetansenivå, kjønnsfordeling, rekruttering)
- involvere og engasjere innbyggjarane til eit felles løft knytt til eigen lokal identitet - ”**Den store dugnaden**”.

Nærings- og produktutvikling

Landskapsparkane skal bidra til at lokalt næringsliv utviklar sin eigen profil tilpassa Landskapsparkkriteria, slik at det gjer bygda til ein attraktiv bu- og arbeidsplass med gode tilbod for besøkande.



Eigarskap og kvalitet

- Eit grunnprinsipp for utviklinga må vere å sikre lokalt eigarskap til Landskapsparken både direkte gjennom felles organisering og indirekte gjennom lokalt engasjement og lokale vedtak,
- sikre utvikling mot felles mål og fordeling av felles verdiskaping gjennom organisering, samhandling, felles salspunkt, kvalitet og kompetanse osv.
- utvikle felles kvalitetsstandardar for parkane, med lokale tilpassingar, og arbeide for ei felles forståing av desse og
- å sikre gode økonomiske resultat for "medlemsbedriftene".

Kulturlandskap og miljø

- Landskapsparken skal ivareta og utvikle kulturlandskapet som grunnressurs for næring og busetting for kommande generasjonar (skjøtsel gjennom landbruksbasert drift og miljøtiltak),
- sikre tilgjenge og infrastruktur for rekreasjon og oppleving for fastbuande og besøkande,
- bygge Landskapsparkane sin eigenart på lokal historie og kultur og
- gje Landskapsparkane ein natur- og miljøprofil i høve til prinsippa for Geoturisme

Marknadsføring og kommunikasjon

- Landskapsparkane må gjerast kjende som attraktive reise- og opplevingsmål.
- Det må utviklast felles, overordna profil og standard for marknadsføring av Landskapsparkane.



- Aktive kommunikasjonsstrategiar må utløyse gratis marknadsføring.
- Det administrative arbeidet i Landskapsparken må også sikrast gjennom inntekter og marknadsføring frå eksterne sponsorar.
- Det må utviklast overordna og individuell merkevarebygging og –leiing.
- Landskapsparken kan brukast til rekruttering og intern marknadsføring som "attraktiv bustad".

5. Nye Landskapsparkar

Nye område kan søkje om opptak i nettverket for Landskapsparkar.

Det skal gjennomførast ei formell godkjenning av dei områda som ynskjer å bli ein Landskapspark etter kriteria som er sett. Den formelle godkjenninga vert gjennomført som eit besøk frå det sentrale Landskapsparkstyret*) der søkjarar skal kunne vise at alle kriteria er oppfylte. Styret skriv ein rapport frå godkjenningsbesøket med innstilling om godkjenning. Denne ligg til grunn for den formelle godkjenninga. Godkjenninga vert gjeve ved eit skriftlig vedtak samt rettar og plikter til å nytte logo/profil for Landskapsparken.



Grunnlag for Landskapsparkstatus vert revidert formelt kvart anna år. Vidareføring av godkjenninga er avhengig av resultatet frå oppfølgingsbesøka.

*) sentralt Landskapsparkstyre inntil vidare prosjektstyret hjå Fylkesmannen i Hordaland, på sikt eit styre for "Norske Landskapsparkar"

Landskapsparkane sine 10 bod - kriterier for å kunne bli ein Landskapspark

1. Landskapsparkar skal vere lokalt organiserte med eigne vedtekter
2. Kulturlandskap, bygningar og kulturminne vert tekne vare på og utvikla i samsvar med lokal eigenart, miljø, kultur og estetikk
3. Geoturisme er eit leiande prinsipp for reiselivsutvikling i parkane
4. I landskapsparkane er kulturlandskapet tilgjengeleg
5. Det vert selt og nytta lokale tradisjonelle matvarer og produkt - "Mat med historie" – mellom anna av økologiske råvarer
6. Parkane har lokale kriterier for næringsaktivitet som bidreg til lokal verdiskaping.
7. Landskapsparkane arbeider for auka miljøforståing og formidling av natur- og landskapsverdiar
8. Historia bak landskapsparkane er ein del av deira identitet og merkevare
9. Parkane har eigne kvalitetsstandardar og medlemsavtalar
10. Landskapsparkane tek ansvar for eiga utvikling i møte med styresmaktene



Administrative utfordringar

Fram til ei ny og overordna organisering av Landskapsparkar eigar Fylkesmannen konseptet Landskapspark grunna:

- nærleik til lokale Landskapsparkar og forståing for dei ulike problemstillingar av utviklingsmessig karakter i lokalsamfunna
- Ubunden i forhold til dei lokale Landskapsparkane
- Kompetanse til å bidra i utviklinga av Landskapsparkar både sentralt og lokalt

For å sikra dei ideelle målsetninga med Landskapsparkar - "viktige område for å ivareta og utvikle norsk bygdeliv" - vil det på sikt oppstå trong for ein annan form for organisering. Kanskje ei stiftinga "Norske Landskapsparkar/ Regionalparkar" eller ein annan form for administrativ ansvarleg organisering vil vere overbygginga for alle lokale Landskapsparkar/ regionalparkar.

Organiseringa i dei lokale Landskapsparkane kan skje gjennom oppretting av eit offentleg eigd selskap eller ei offentleg stifting. Dei lokale styra i Landskapsparkane er pådrivarar for denne prosessen og finn fram til ein passende og føremålsteneleg modell for område sitt. Selskapet skal vere sett saman av personar med kompetanse og ressursar som er tilstrekkeleg til å ivareta utviklinga av Landskapsparkar sentralt og lokalt.

Åkrafjorden Oppleving *Opplevingar som vekker sansane*

Opplev kulturhistorie på den veglause sida.

Traktorsafari til Eikemostølen

Eikemo - der ingen skulle tru at nokon kunne bu (kjent frå TV). Opplev seterlivet, geitene, garden og folket i naturskjønne omgjevnader.

Turen startar med båtut frå Teigland (Åkrafjordtunet) inn til kaien på Bakka, og held fram med traktorsafari opp den bratte fjellsida. Landskapet opnar seg, og du får vilje sjarmende gardstun og geitene og prøvesmaking av geitemelk og Chèvre.

Valfri fottur inn til Bjønndalen der vi får ein fantastisk utsikt til Langfoss på den andre sida av fjorden.

Tilbake på stelen blir det lunsj med nydeleg, lokalproduert spekemat for vi returnerer tilbake til båten. Siste høgdepunkt på turen er å oppleve vakre Langfoss frå sjøsida.

Maks kapasitet på traktorsafari: 30 personar.

Vårighet: Ca 5 timar. Pris kr 675, inkludert guiding, båt, traktorsafari, fottur og lunsj. Tirsdagar, torsdagar og laurdagar i perioden 17.6.-31.8.

Åkrafjorden Oppleving AS, Teigland, 5590 Etne, www.Åkrafjorden.no
booking@Åkrafjorden.no - Tel +47 959 09664

